



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.10.2013
Vår ref.: 2012/7128
Arkivnr.: 441

SKANNET

17 OKT. 2013

08/513

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Stadfesting av forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn, Time kommune

Me viser til oversending av 12.11.2012 frå kommunen, med vedtak om forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn, heimla i friluftlova §§ 2 og 15. Fylkesmannen skal etter same lov § 15 stadfesta forskrifta. Me seier oss leie for den lange sakshandsamingstida.

Bakgrunn for framlagde forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn er ein årelang konflikt mellom turgåarar og utøvarar av anna friluftsliv, og då spesielt hesteriding.

Forslag til forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn låg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 26.06.2012 – 15.08.2012 og vart deretter handsama for andre gong i utvalet for lokal utvikling i Time kommune den 23.10.2012, før ho vart godkjent med følgjande endringar av kommunestyret den 06.11.2012. Me siterer:

*” Time kommune godkjenner forslag til forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn datert 11. mai 2012, revidert 12. september 2012 med følgjande endring:
§ 4 Trenings sykling skal framleis vera lov rundt Melsvatnet. Syklistar må ta omsyn til turgåarar og anna friluftsliv.”*

Kommunestyret vedtok samstundes:

”Administrasjonen skal saman med interesseorganisasjonen for syklistane, utarbeida atferdsreglar og forbetre informasjonen. Administrasjonen skal også samla erfaringar med trenings sykling i eitt år. Punkt 1 (§ 4 i forskrifta) skal evaluerast om eitt år.

Godkjent forskrift saman med kommunen sitt vedtak blir sendt Fylkesmannen i Rogaland for stadfesting.”

Den mest inngripande paragrafen i forskrifta er § 3: *”Det er forbode å ri eller ferdast med hest på annan måte på turvegen rundt Melsvatn. Jæren Friluftsråd kan etter søknad gi løyve til riding for avgrensa føremål”.*

Offentlege instansar, grunneigarar og frivillige lag og organisasjonar vart ved høyringa varsla med brev. Som følgje av innspel frå desse vart forskrifta endra på eitt punkt; at sykling skulle vera lov.

Fylkesmannen meiner at kommunen har følgd sakshandsamingsreglane for forskrifter i forvaltningslova kap. VII. Saka var godt opplyst før vedtaket vart gjort, og dei som blir påverka av forskrifta har hatt høve til å uttala seg. Der kor forskrifta regulerer friluftaktivitetar som folk har

rett til å driva etter allemannsrettane, og då spesielt med tanke på hesteriding, er dette grunnlagt i høve konflikt med universell utforming og auka driftskostnader. Desse aktivitetane kan også verka ekskluderande på turgåing og andre friluftaktivitetar.

Formålet med statleg sikring av friluftsområde som Melsvatn, er oftast at det trengst tilrettelegging for å ta vare på og utvikla høve til allment friluftsliv. Idrettsformål er underordna dette. Når turvegar er del av denne tilrettelegginga, er det ikkje vanleg at desse er stengde for sykling, sjølv om uvørden sykling kan skada eller skemma andre brukarar. Dette krev at syklande viser særleg varsemd og tilpassar seg dei andre brukargruppene. Dette følgjer også av det allmenne kravet i friluftlova om å *"opptre hensynsfullt og varsomt for ikkje å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre eller påføre miljøet skade"* (§11). At treningssykling vert framheva som lovleg i § 4 verkar difor juridisk overflødig, men me vurderer det på bakgrunn av dei nemnde brukarkonfliktane i området, og kommunen sitt vedtak om røynslene etter §4 skal evaluerast etter eitt år.

Det er ikkje mange røynsler med denne typen forskrifter. Evalueringa bør difor også ha som mål å vurderer, i høve til treningssykling, den særlege tilpassinga som krevst her, til skilnad få ein vanleg veg, og eventuelt om røynslene tilseier at forskrifta må reviderast på dette punktet.

I tillegg til stadfesting frå Fylkesmannen krevst det samtykke i samsvar med § 2 og § 15 i friluftlova frå eigar/brukar av eigeommen før forskrifta vert sett i verk. Ved stadfesting av forskrifta gir Fylkesmannen i Rogaland, på vegne av Staten som grunneigar, samstundes samtykke til åferdsreglane gitt i Forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn, jf. DN Handbok 30-2011 Forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde.

Fylkesmannen stadfestar "Forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn" vedteken av Time kommunestyre 06.11.2012 etter § 15 i friluftlova av 28 juni 1957 med endringar av 14. juni 2013.

Vedtaket kan ikkje påklagast, men kan bringast inn for Miljøverndepartementet etter reglane i § 24 i friluftlova.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Torborg Berge
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torborg Berge
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39
E-post: fmrotbe@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001 Stavanger
Jæren friluftsråd	Nikkelveien 4	4313 Sandnes
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485 TRONDHEIM

Vedlegg:
Forskrift om friluftaktivitetar ved Melsvatn

Dato:	«Sdo_DokDato»
Arkiv:	«Saa_ArkivID»
Vår ref (ArkivarkID):	«Sdo_ArkivSakID»
JournalpostID:	«Sdo_DokNr»
	«Sdo_DokID»

FORSKRIFT OM FRILUFTSAKTIVITETAR VED MELSVATN

Fastsett av Time kommunestyre 06.11.2012 i medhald av Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 med endringar av 16.09.2011, § 2 andre ledd og § 15, og forankring i lokale forskrifter for Time kommune om open brenning og om utvida bandtvang for hund.

Kommunen sitt vedtak er stadfesta av Fylkesmannen i Rogaland 11. oktober 2013.

§ 1. Virkeområde

Forskrifta gjeld for området ved Melsvatn som er synt som friområde i kommuneplan for Time 2011 – 2022, på Gnr 37, bnr 4,5,9 og Gnr 43, bnr 25,27.

§ 2. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulera dei friluftaktivitetane som er omtalte i §§ 3 – 8 i denne forskrifta.

§ 3. Ridning og annan bruk av hest

Det er forbode å ri eller ferdast med hest på annan måte på turvegen kring Melsvatn. Jæren Friluftsråd kan etter søknad gi løyve til ridning for avgrensa føremål.

§ 4. Sykkling

Treningssykkling skal framleis vera lov rundt Melsvatnet. Syklistar må ta omsyn til turgåarar og anna friluftsliv.

§ 5. Campingvogner og bublar

Overnatting med campingvogn eller bubil er ikkje tillatt ved Melsvatn. Det er ikkje lov å parkera campingvogner eller bubilar på parkeringsplassane mellom kl 24.00 og kl 06.00.

§ 6. Større arrangement

Gjennomføring av større arrangement, som t.d. modellbåtstemne, større friluftsmøte, større skulearrangement og liknande krev løyve frå Jæren Friluftsråd, og eventuelt andre styresmakter.

§ 7. Bål og bruk av open eld

Bål og bruk av open eld er forbode i perioden frå 15. april til 15. september. I denne perioden er grilling og liknande tillatt på tilrettelagte grillplassar. Jæren friluftsråd kan etter søknad gi løyve til tenning av bål for særskilte høve. Det skal sendast melding til brannvesenet om løyvet.

§ 8. Hund

I friluftsområdet ved Melsvatn er det bandtavang for hund heile året (jf hundeforskrifta for Time kommune § 3).

§ 9. Endring av forskrifta

Endringar i denne forskrifta må godkjennast av Time kommune og stadfestast av fylkesmannen. Forslag til endringar skal kunngjerast og behandlast etter reglane i forvaltingslova.

Dato:	«Sdo_DokDate»
Arkiv:	«Sas_ArkivID»
Vår ref (ArkivsakID):	«Sdo_ArkivSakID»
JournalpostID:	D- «Sdo_DokNr» «Sdo_DokID»

§ 10. Brot på forskrifta

Brot på reglane i forskrifta kan straffast med bøter i samsvar med reglane i friluftsløva § 39, med mindre forholdet ikkje vert ramma av strengare straffelovar.

§ 11. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft ein måned etter at fylkesmannen i Rogaland har stadfesta forskrifta. Time kommune har ansvar for kunngjering av stadfestinga.

Bryne, den 11. mai 2012

Revidert den 12. september 2012 før 2. gongs behandling.

Sist revidert 12.11.2012 etter vedtak i kommunestyret 06.11.2012.